

21 SEPT. 2021

Til Alver kommune. (SaksID og sakshandsamar?)

Bergen 13.09.2021

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland. Saks ID 21/11319

Vedr.: Kvifor vart den nordlege grensa på eigedomen vår 332/2 i Alver kommune flytta, utan eigarane sin viten og vilje?

- 1) I skriv av 15.04.2021 frå kommunal sakshandsamar i sak 21/2167, står det at: «Feilen har mest truleg oppstått ved frådelling av g/bnr 332/15». (Vedlegg 1) Men eg ser ikkje teikn til i vedlegg 1 at feilen med gbnr 332/2 si nordlege grense oppstod der. Tvert imot, kartet i Registreringsbrev for grunneigedom/festegrunn syner gbnr 332/2 si nordlege grense, kvar den treffer gbnr 332/4 og den er så langt eg ser, riktig.
Eg har også motteke same kart, men i ein annan variant frå kommunen. (vedlegg 2). Der er vår nordlege grense trekt ganske mange m forbi steingarden og forbi grensa til 332/5, noko som er heilt feil, denne gong i vestleg retning. Visst det er kartet i vedlegg 2 som er det gyldige og at same kart i vedlegg 1 er retusjert, så betyr det at vår omstridde nordre grense finst i to forfalska variantar, som gjensidig utelukkar kvarandre. (Vedlegg 2, og Vedlegg 1 med matrikkelkart nr 2 og 3).
- 2) Det finst eit anna kommunalt kart også, som er vedlegg til søknad om deling. (Vedlegg 3) Der ser ein tydeleg at feilen på vår nordlege grense er teikna inn, samstundes som ein ser delinga av gbnr 4. Husa våre er kryssa ut med raudt, som berørt part, reknar eg med, men gbnr 332/2 hadde ingen ting å gjera med delinga av gbnr 332/4 At grensa vår er endra i søknad om deling av gbnr 4, har skjedd utan vår viten og vilje.

Eg ynskjer å få sjå desse dokumenta:

- A) Søknad om deling av gbnr 332/4, med alle vedlegg, kart, nabovarsel som er signert og datert av tiltakshavar, alt som måtte finnast av dokumentasjon brukt i søknaden.
- B) Vedtak på søknad om deling gbnr 332/4, med alle vedlegg
- C) Tilhøyrande målebrev og kart med alle vedlegg.

Vedlegg 1)Skriv frå kommunal sakshansamar m/vedlegg, datert 15.04.21,
saks ID: 21/2167

Vedlegg 2)Registreringsbrev for grunneigedom/festegrunn, datert
08.12.2000

Vedlegg 3)Kart, utsendt av Meland kommune, brukt som vedlegg til
delingssøknad.

NB Eg ynskjer svar frå kommunen tilsendt i Digipost.

Anni Sundal

Helsing Anni Sundal

Haukelandsvækkjen 22B

5009 BERGEN